

S O G N   O G   F J O R D A N E   T E A T E R

# TRANSLYRIA

TEKSTAR AV WILLIAM SHAKESPEARE SAMANSETT AV FRODE GJERLØW



# TRANSLYRIA

## SHAKESPEARE

Tvillingane er fødde som jenter, men den eine er gut. Familien klarer ikkje å sjå Sebastian for den han er, og han forlét dei. Tвillingsøstera Viola er redd for at noko forferdeleg skal skje og reiser etter for å finne Sebastian. Ho blir skyld i land i Illyria, tvillingbrorens indre verd, der eit fatalt familiendrama utspelar seg. No er spørsmålet: vil ho klare å finne broren før han bestemmer seg for å vere eller ikkje vere?

William Shakespeare er ein stor del av sjølv teaterarva, og er den mest spelte dramatikaren i verda. Historiene til Shakespeare har forma dei historiene vi fortel kvarandre i dag, og vi ser at Shakespeare sine komediar og tragediar frå 1600-talet er tidslause både når det gjeld tema og karakterar.

Translyria er eit stort kostymedrama, og i denne framsyninga vert kjønnsrollene utfordra på alle tenkelege måtar: Kvinne spelar mann fødd som kvinne. Kvinne spelar kvinne som kler seg ut som mann. Kvinne spelar mann som utøver makt over kvinner, og mann spelar kvinne som blir undertrykt av menn - alt dette i ein tragedie Shakespeare ikkje visste at han skreiv.

Tekstane i Translyria er henta frå kjende verk som «Macbeth», «Helligtrekongersaften», «Som du vil», «Richard III», «Når trolltet skal temmast», «Hamlet» og «Romeo og Julie». Med meir enn 25 utdrag frå klassikarane til Shakespeare har regissør Frode Gjerløw laga ein moderne klassikar om kjønn.

Velkommen til Translyria!

### BILLETTAR:

[www.softeater.no/billettar](http://www.softeater.no/billettar)

Sjå **softeater.no** for meir informasjon.

Urpremiere

### FØRDEHUSET

15. mars kl 19.00

### SPELEPLAN:

### FØRDEHUSET

16. mars kl 18.00

### OPERAHUSET

### NORDFJORD

20. mars kl 19.00

### USF VERFTET, BERGEN

22. mars kl 19.00

23. mars kl 18.00

### FJALERHALLEN

27. mars Dale kl 19.00

### TEATRET VÅRT, MOLDE

29. mars kl 19.30

30. mars kl 18.00

### ÅRDAL KULTURHUS

2. april kl 19.00

### LEIKANGER, SAFTEN

3. april kl 19.00

### SOGNDAL KULTURHUS

4. april kl 19.00

### FLORA SAMFUNNSHUS

7. april kl 18.00

### SANDANE,

### TRIVSELSHAGEN

9. april kl 19.00

### STRYN KULTURHUS

11. april kl 19.00

### FØRDEHUSET

12. april kl 19.00

Det vert synt skulefram-  
synigar i speleperioden, i  
samarbeid med Den kulturelle  
skulesekken Sogn og Fjordane.

PÅ SCENA

## TRANSLYRIA

TEKSTAR AV  
**WILLIAM SHAKESPEARE**

OMSETJING  
**EDVARD HOEM**

OMARBEIDING OG REGI  
**FRODE GJERLØW**

SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR  
**ELLAN PARRY**

LYSDESIGNAR  
**KAJA GLENNE LUND**

LYDDESIGNAR  
**ROSS FLIGHT**

DRAMATURG  
**BODIL KVAMME**

INSPISIENT OG SUFFLØR  
**KAROLINE SOLBAKKEN**  
**CHARLOTTE PRYDZ OTTESEN**

KOSTYME  
**ANNA WINGÅRD**  
**SAKIBA ARNAUTOVIC**  
**ANETTE EIDE RØSANDHAUG**  
**REBECCA DAHLE**

REKVISITT OG DEKOR  
**SYNNØVE RINGDAL**

TURNELAG  
**HALLDOR HORNE**  
**KRYSTIAN MYSKA**  
**KJELL FUREVIK**  
**ODD MAGNE HERLAND**  
**ROBERT TOMKIEWICZ**  
**SYNNØVE RINGDA**

KOSTYME OG DEKOR ER PRODUSERT VED SOGN  
OG FJORDANE TEATER SINE VERKSTADER



Sulekh Ali Omar  
Viola, Sebastian



Anders Firing Aardal  
Olivia, Mercutio



Ida Løken Valkeapää  
Orsino



Benedikte Karine Sandberg  
Julie




Preben Lillebø Rongve  
Narren, Benvolio



Frode Gjerløw  
Regissør

# 2019

## GEITEJAZZ



Sogn og Fjordane Teater og Førde kulturskule vil gjerne invitere dei minste til å vere med på å lage ein jassa versjon av eventyret «Ulven og dei sju geitekillingane». I eventyret må geitemamma etterlate dei sju killingane heime for å gå ut og leite etter mat. Ho gir killingane streng beskjed om at dei ikkje må opne døra for ulven, men ulven kan triks som ein må ha levd i fleire geitår for å kunne avsløre. Jazzmusikken skaper ei berg-og-dal-bane av stille spenning og hoppande glede som det unge publikummet kjem til å digge.

**Speleperiode: 1.-30. april**

## MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortald gjennom kvinnene rundt han. Dei var respekterte elevar og hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet. I «Jesu virke» er det Maria Magdalena som er augevitne. Avisa Fjordingen: «Ei overtydande og kjenslevår og vakker forestilling»

**Nypremière: 3. april, speleperiode: 4.–28. april**

## KINNASPELET

Borni nekta å teie sjølv om ho får eit spyd opp under nasen. På kaia står den danske futen med væpna soldatar og krev at øyfolket skal ta imot den Lutherske læra. Borni tryglar prestefaren om å halde på den katolske trua. Ho minner om ei anna Borni i ei anna tid, ho som rømde frå vikingane sine herjingar i Irland i ein båt utan årar og segl og lét seg drive over havet, til ho rak i land på Kinn, der ho, ifølgje legenda, fekk reist ei steinkyrkje.

**Flora, Kinn 22.– 23 juni**


## ENGELEN FRÅ KOBANE

I 2014 dukka det opp bilde av ei ung, militærkledde, kurdisk jente i sosiale medium. Ho heitte Rehana og var jusstudent. Bildeteksten fortalte at jenta skulle ha drepe over 100 IS-soldatar i dei harde kampane som den kurdiske motstandsbevegelsen (YPG) utkjempa i grensebyen Kobane. Historia om Rehana er ei fiksjonsforteljing, basert på ein myte. Men alt har skjedd – og skjer framleis i verda i dag. Rehana vert stilt overfor umenneskelege val i krigen som har skapt vår tids største humanitære tragedie, der halve befolkninga er driven på flukt.

**Speleperiode: Hausten 2019**



FØLG OSS PÅ:



Sjå [softeater.no](http://softeater.no) for informasjon om dato og billettar  
\*med etterhald om endringar

